



**OSTERØY KOMMUNE**

## **TILSYNSRAPPORT**

### **TILSYN MED OSTERØY GÅRDS- OG FRILUFTSBARNEHAGE 2022**

Eigarar: Elin Hovden Raknes og Tommy Lohne


TILSYNSTEMA: Krav om å ha aktuelle rutinar og retningsliner på plass

Barnehagemynde: Hege Eeg, juridisk rådgjevar Osterøy kommune

Tilsynsgruppe: Hege Eeg, jurist, og Hilde Gunnarson, leiar barnehage.

Arbeid med førebels tilsynsrapport avslutta 7.10.22.

Barnehagen har fått moglegheit til å kome med merknadar til rapporten med frist 4.11.22. Det er ikkje kome merknadar innan fristen. Endeleg tilsynsrapport er dagsett 8.11.22.



## **OPPSUMMERING:**

Føremålet med tilsynet er å sjå til at barnehagen har alle naudsynte rutinar og retningslinjer på plass. Det blei gjort ein risikovurdering etter ei konkret hending med påfølgjande klage. Basert på denne, blei barnehagen vald ut. Tilsynet er gjennomført med heimel i barnehagelova § 53.

Rapporten er utarbeidd basert på samtalar med styrar i og eigar av barnehagen og innhenta dokumentasjon.

Rettsleg grunnlag: Barnehagelova § 7, krav til barnehagens verksemd: «Barnehageeigaren har ansvaret for at barnehage vert dreve i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.»

### **Innleiing:**

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/)

### **Kort om barnehagen**

Osterøy gards- og friluftsbarnhage er ein privateigd barnhage med 38 plassar.

### **Gjennomføring av tilsynet**

Kommunen sendte brev til Osterøy gards- og friluftsbarnhage 7.3.22 og påla å sende inn dokumentasjon. Vi fekk noko skriftleg dokumentasjon på førehand og noko ved sjølve tilsynet. Intervju med styrar Arny-Sissel Myking Horsås og eigar Eli Hovden Raknes vart gjennomført 28.3.22.

### **Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar**

#### **Har barnehagen skriftlege rutinar på korleis handtere mistanke om vald/overgrep?**


##### Observasjonar:

Barnehagen har utarbeidd beredskapsplanar. I desse inngår rutinar

- ved mistanke om vald og overgrep/mishandling.
- ved mistanke om generell omsorgssvikt
- når rusa foreldre vil hente barn
- ved mistanke om akutt overgrep

Styrar og eigar gjekk gjennom rutinane og korleis desse vert nytta, særleg med blikk for den hendinga som utløyste tilsyn.

Styrar informerte om korleis dei samtalar med barn generelt og konkret i saka som førte til tilsynet. Det vart vist dokumentasjon på kurs i gjennomføring av avdekkande samtalar. Det kom fram at



pedagogen som gjennomførte samtalanene i hendinga som utløyste tilsynet fekk opplæring og rettleiing frå styrar.

Det kjem ikkje fram av rutinane korleis tilsette, foreldre og barn skal informerast og det er ikkje differensiert på kva for informasjon som skal til kven. Det kjem ikkje fram av rutinane kven som skal ha ansvar for å ivareta kommunikasjonen med føresette. Dette er ei skjønsmessig vurdering.

#### Vurdering:

Barnehagemyndigheten vurderer at rutinane kunne ha vore meir utfyllande. Rutinane skildrar kva barnehagen skal gjere og korleis dei skal agere når dei har mistanke om vald /overgrep.

Rutinen bør inkludere eit punkt om korleis barnehagen skal handtere saker som er under etterforsking av politiet.

Når barn skal følgast til Barnas hus tek politiet over ansvaret for å organisere dagen og barnevernet bistår politiet og barnehagen med rettleiing. Barnehagemyndigheita vurderer at barnehagen har vore i tett dialog med politi og barnevern og motteke rettleiing i høve hendinga som utløyste tilsynet og har følgd rettleiinga dei fekk.

#### Konklusjon:

Det er behov for å revidere rutinane, men det er ikkje eit brot på barnehagelova.

### **Rutinar for teieplikt, opplysningsplikt og handtering av personopplysningar**

#### Observasjonar:

Barnehagen har skjema for teieplikt som alle tilsette underteiknar ved tilsetjing og barnehagen har rutine for handtering av personopplysningar i samsvar med forvaltningslova §13.

Barnehageleiinga viser til rutinar for opplysningsplikt til barnevernet, jf. barnehagelova § 44, og skildrar korleis dei vurderer når opplysningsplikta trer inn. Dei viser til konkrete høve.

Barnehagen sine rutinane er ikkje detaljerte om kven som skal ha kva for informasjon, generelt og ved konkrete hendingar. Barnehageleiinga skildrar munnleg korleis dei har vurdert behov for informasjon til tilsette. Styrar og eigar stadfestar at ved eit høve vart informasjon gjeve til alle tilsette i barnehagen for å sikre god oppfølging. Eit kort notat frå møtet vart lagt fram.

#### Vurdering:

Vurderinga er at skriftleg rutine for teieplikt er tilfredsstillande. Under tilsynet vart det teke stikkprøver for tre tilsette og tilfredsstillande dokumentasjon på dette vart lagt fram.

Barnehagen har oppfylt opplysningsplikta til barnevernet og er i tråd med barnehagelova § 46.

Når det gjeld handtering av personopplysningar, kan rutinen vere meir utfyllande og skildre kva for informasjon om tilsette, foreldre og barn kan få ved konkrete hendingar. Barnehageleiinga har brukt



fagleg skjønn, men barnehagemyndigheita oppfattar at barnehageleiinga ved eit høve kunne ha gjeve mindre informasjon til tilsette og at det ville vore tilstrekkeleg for å utføre kjerneoppgåvene. Når rutinar for behov for informasjon ikkje er skriftleg avklart på førehand, er det ein risiko for brot på teieplikt. Barnehagemyndigheita understrekar at det er viktig at rutinane vert følgt i praksis.

Informasjon til foreldre er regulert i Rammeplan for barnehagar, kap.5, der det kjem fram at barnehagen skal legge til rette for at foreldre og barnehage jamnleg kan utveksle observasjonar og vurderingar knytta til enkeltbarnet si helse, trivnad, erfaringar, utvikling og læring. Rettleiaren «Til barnets beste – samarbeid mellom barnehagen og barneverntjenesten» slår fast at barnehagen må vurdere saman med barnevern og politi når og kva måte foreldre skal informerast. Barnehageleiinga har samarbeidd i tråd med desse føringane den første tida. Barnehageleiinga skildrar vidare at dei ikkje hadde samtalar med føresette i fortsetjinga, og dei fokuserte på barnets beste inntil saka vart avklart frå politiet.

#### Konklusjon:

Barnehagemyndigheita konkluderer med at rutine for teieplikt oppfyller barnehagelova § 21 og forvaltningslova § 13.

Barnehagemynda konkluderer vidare med at det kjem fram at opplysningsplikta til barnevernet er ivareteken, jamfør barnehagelova § 23.

Barnehagemyndigheita konkluderer med at barnehageleiinga har brukt eit forsvarleg fagleg skjønn ved handtering av personopplysningar og at dette er i tråd med forvaltningslova §13.

Barnehagemynda konkluderer med at barnehageleiinga har ansvar jamfør rammeplanen kap.5 for samarbeid med foreldre. Barnehagemyndigheita tilrår at barnehageleiinga utarbeide beredskapsplan for samarbeid med foreldre i krevjande samarbeidssituasjonar.

### **Kva er barnehagens rutinar og handtering av avdekkande samtalar med barn?**

#### Observasjon:

Styrar og eigar har kompetanse på avdekkande samtalar og deler av personalet har gjennomført opplæring / kurs. Pedagogen som i dette høvet har utført samtalan har ikkje gjennomgått kurs i avdekkande samtalar. Styrar har rettleia pedagogar som har gjennomført avdekkande samtalar med barn. Rammene rundt desse samtalan var i mindre grad klarlagt på førehand av styrar.

#### Vurdering:

Eigar er juridisk ansvarleg for at dei tilsette har tilstrekkeleg kompetanse i avdekkande samtalar. Barnehageleiinga vurderer at pedagogen har fått tilstrekkeleg rettleiing av styrar.

Styrar og eigar stadfester at samtalar har vorte gjennomført av ein pedagog som har vore åleine med eit barn. Det har ikkje vore tatt lydopptak eller laga ordrette referat i etterkant, og rammene for



samtalsituasjonen er i liten grad skildra. Dette kunne ha vore utført på ein betre måte og vi oppmodar barnehagen til å vurdere dette i framtidige saker.

Konklusjon:

Det vert vurdert at kravet om tilstrekkeleg kompetanse er oppfylt, jamfør barnehagelova § 7.

**Kva rutinar har barnehagen for å forebygge, stoppe og hindre mobbing?**

Observasjon:

Barnehagen har rutinar for mobbing og skildrar pågåande kompetansehevingstiltak for heile personalgruppa.

Vurdering:

Vurderinga er at rutinen er dekkande for det den skal omfatte og at barnehagen arbeider aktivt med kompetanseheving på området.

Konklusjon:

Barnehagen tilfredsstillar barnehagelova kap.8.

**Har barnehagen rutine for overføringssamtale med skulen?**

Observasjon:

Barnehagen tek imot lærarar frå skulane på Osterøy, som snakkar med barna. Barnehagen utarbeidar notat til skulen i samband med overføring frå barnehage til skule.

Vurdering:

Det vart vist døme på skriftleg rutine for overføring av opplysningar frå barnehage til skule, iht. barnehagelova § 2a. Det vart lagt fram dokument der det var spesifisert informasjon og signert av foreldre.

Konklusjon:

Barnehagelova § 2a er oppfylt.